
Fra: Nina Søvik Mjømen <nina@arkoconsult.no>
Sendt: 12. august 2015 16:44
Til: Tor Kyrre Hegle; Knut Bjørnevoll
Kopi: Pål Kjetil Tufta; Tom Andre Sivertsen
Emne: Innsyn
Vedlegg: Merknad.pdf; Omgjøring.pdf; Svar på spørsmål.pdf

Hei,

I samband med utforming av søknad om å få legge ut bølgebrytar til eksisterande flytebrygge ved gbnr. 108/515 i Lindås kommune, har det dukka opp nokre spørsmål/problem.

Tidlegare korrespondanse mellom tidlegare ansvarleg søkar, kommunen og Bergen og Omland havnevesen viser at det er teke utgangspunkt i at eit slikt tiltak vil komme i strid med gjeldande reguleringsplan for *del av Lindås nedre*, frå 2004. Sjå vedlagt korrespondanse. Vi er ikkje einige i dette då tiltaket er utanfor området for reguleringsplan. Tiltaket er såleis i uregulert område og kan ikkje kome i strid med reguleringsplan i tilstøytande område. Slik vi ser det blir det derfor kommuneplanen sin arealdel som gjeld her. Dersom tiltaket er i strid med denne må det fylgjeleg søkast dispensasjon frå denne som må sendast inn saman med søknad om løyve til tiltak. Problemet er at området er skravert og viser til *kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden*, som endå ikkje er vedteken. Vi er derfor usikre på kva reglar som faktisk gjeld for området vi ynskjer å søke om løyve til tiltak i, og kva dispensasjonssøknadar som fylgjeleg må utformast. Kan dykk oppklara dette?

Ynskjer samstundes innsyn i søknad frå Lindås Feriesenter AS om å få legge ut 2*36 m flytebrygger, inkludert dispensasjonssøknad og kommunen sitt etterfylgjande vedtak i 2002.

På førehand takk!

Med vennlig hilsen/Best Regards

Nina Søvik Mjømen
Jurist, Byggesak

Direkte: +47 99245581 | Felles: +47 56390003
Fax: +47 56191130
Epost: nina@arkoconsult.no



Hovedkontor - Valestrandsfossen:

Arkoconsult AS

Postboks 103, HTB-bygget
5291 Valestrandsfossen | NORWAY | www.arkoconsult.no

Avdelingskontor - Voss

Arkoconsult AS

Strandavegen 2

5705 Voss | NORWAY | www.arkoconsult.no



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.